



MØTEBOK
Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Stad: Odda rådhus

Den 12.12.13

Kl. 10 00-14 00

Til stades:

Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Otto Galtung
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Vetle Nordstrand
Odda kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Sigrid Valle
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Nils Michauk, frå kl 1100
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsrepresentant Adelen Sverdrup Aarsand
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Aleksander Kalsaas
Ikkje til stades:	
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik
Hardangerrådet:	Konsulent Trude Lægreid Rinaldo
Kommune kontaktar	
Jondal kommune:	Ragnvald Joakimsen
Odda kommune :	Harald Jordal

Agenda:	
1000-1100	Inspirasjon: Hardanger 2030 scenario
1100-1400	HU rådsmøte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Til sakshandsaming i ungdomsrådet:

HU-Sak 24/13 Presentasjon frå den einsskilde kommune/herad sine ungdomsråd og representant. Kven dei er og saker dei arbeider med.

Granvin: Skal presentera på neste heradstyremøte. Arbeider med aktivitetar som UFU og 16. mai arrangement.

Ullensvang: Har diskutert nedlegging av idrettslinja i Odda. Eigedomsskatten har også vore ope til diskusjon

Odda: Ungdomsklubben er tema, har spurt om å få gjera noko med den.

Eidfjord: Budsjettmøte. Har fremja ønskje om å pussa opp TV rom i idrettshallen.

Jondal: Kan «What summer Camp» aktivitetane vera tilgjengelege utanom sesong spør ungdomsrådet .

HU-Sak 25/13

Felles retningslinjer for dei ulike råda i Hardanger

Vedtak

Hu sender ut forslag til alle Ungdomsråda i Hardanger om felles standpunkt på desse punkta i eigne vedtekter.

- Alderssamansetjing: Representantane skal vera mellom 13 - 18 år. Det bør vera minst 2 representantar over 18 år.
- Valperiode: Går etter skuleruta, og kvar representant er vald for 2 år om gongen
- Felles datofrist for nyval: Nyval og konstituering innan 01.10 kvart år.
- Felles ønskjer om deltaking av kontaktpersonar. At ein person frå vertskommunen stiller på rådsmøtet til Hardanger Ungdomsråd.
- Møte: Møteplan som forhold seg til den politiske møteplanen, med særleg omsyn til kommunestyret.
- Evaluering av vedtektene kvart anna år.

HU-Sak 27/13 Orienterings- og drøftingssaker

Hardangerkonferansen 2014

Informerte om at Hardangerrådet ønskjer å ha Ungdom som tema for Hardangerkonferansen 2014.

Vedtak

HU ber om å få ta del i utvikling av Hardangerkonferansen 2014 og ber om at leiar, med nestleiar som vara, får ta del i desse møta.

Hardingtinget 2014

Er glade for taletid.

Utanom å dela erfaringar frå Demokratiprojektet, så vil HU ta presentera rådet i dag og belysa temaet Kommunestruktur ifrå deira ståstad

Hardanger 2014/Grunnlovsjubileet

Leiar og sekretær informerte om dette prosjektet og gjekk raskt gjennom presentasjonen til prosjektleiar Arne Kristian Teigland

Hardanger i 100

Informerte om dette arrangementet, som er starten på Hardanger 2014.

Kommunestruktur i Hardanger

Otto informerte om konferansen som hadde kommunestruktur på dagsorden. Han gjekk igjennom Ungt entreprenørskap sitt innlegg.

Hu konstaterar at deira framtid, som ungdom i dag, er diskusjonstema blant dei vaksne. Lurar på korleis Hardanger vert sjåande ut i framtida:

- Utkant kommunar?
- 3 kommunar?

- 1 Hardanger kommune?

Kommunestruktur viktig, samanslåing ikkje viktig i seg sjølv.

Drøftingar teke opp i møtet:

Korleis gjennomfører ein val i dei ulike kommunane. Her er ein del ulik praksis, som mest handlar om praktisk løysing.

Antall møter er litt ulikt, men mange har i snitt eit i månaden i skuleåret. Arbeidet er delt i politiske saker og arrangør av ulike arrangement.

Møteboka 12.12.13 i Hardanger Ungdomsråd er godkjent og signert av:

Ungdomsrådsleiar

Ungdomsrådsleiar